

# Eksamens

20.05.2021

**NOR1212-NOR1232**  
**Norsk sidemål**



Sjå eksamenstips på baksida!  
Se eksamenstips på baksiden!

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

Eksamensinformasjon	
<b>Tid</b>	Eksamen varer i 5 timer.
<b>Hjelpemiddel</b>	<p>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetningsprogram tillatne.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillatne.</p>
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	<p>Bergans. «Save the Seasons», annonse i D2, fredagsmagsinet i avisene <i>Dagens Næringsliv</i>, 07.02.2020.</p> <p>Bryson, Bill. «Utsiden: hud og hår». <i>Kroppen – en guide for deg som bor i den</i>. Oslo: Gyldendal, 2019. Utdrag</p> <p>Collett, Camilla. <i>Amtmannens døtre</i>, 2011 (1854–55). Oslo: Gyldendal. Utdrag.</p> <p>Falch, Ulrikke og Frøysaa, Sofie. <i>Jenteloven – feministisk førstehjelp</i>. Oslo: Gyldendal, 2018. Utdrag.</p> <p>Grytten, Frode. «Naudbluss». <i>Vårt Land</i>, 26.03.2020. <a href="https://www.vl.no/meningar/verdidebatt/2020/03/26/sondaq-heile-veka/">https://www.vl.no/meningar/verdidebatt/2020/03/26/sondaq-heile-veka/</a> Nedlastingsdato 20.11.2020</p> <p>Håheim, Marianne Clementine. «Eg studerer huda di». <i>Bilydar</i>. Oslo: Forlaget Oktober, 2012.</p> <p>Myklebust, Hilde. «Frost». <i>Kvar ein fugl</i>. Oslo: Samlaget, 2018. <a href="https://www.nynorsk.no/aleine-saman-korona-og-kulturen/hilde-myklebust-knirk/">https://www.nynorsk.no/aleine-saman-korona-og-kulturen/hilde-myklebust-knirk/</a> Nedlastingsdato 20.11.2020.</p> <p>Vesaas, Tarjei. «Vinternetter». <i>Huset og fuglen</i>. Oslo: Gyldendal, 1971.</p> <p>Worm-Müller, Jacob Stenersen. «Vi selv og våre hjem», juni 1940, <a href="http://virksommeord.no/tale/1581/">http://virksommeord.no/tale/1581/</a> Nedlastingsdato 20.01.2021.</p>
<b>Informasjon om oppgåva</b>	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det fire oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

### Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Utsiden: hud og hår» av Bill Bryson, frå *Kroppen – en guide for deg som bor i den*, 2019
- «Eg studerer huda di» av Marianne Clementine Håheim, frå *Bilydar*, 2012

Samanlikn nokre sider ved form og innhald i dei to vedlagde tekstane.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i dei vedlagde tekstane, men du kan velje kva du vil leggje mest vekt på. Du skal bruke relevant fagspråk og døme frå tekstane.

### Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

#### Oppgåve 1

Vedlegg:

- «Vi selv og våre hjem», utdrag frå ein tale av Jacob Stenersen Worm-Müller, juni 1940
- «Vinternetter» av Tarjei Vesaas, i *Norsk Tidend*, 1942

Dei vedlagde tekstane blei skrivne under den andre verdskrigen. Skriv ein resonnerande tekst der du gjer greie for kva du meiner er hovudbodskapen i tekstane, og drøftar om tekstane er relevante i dag.

Kommentar: Oppgåva er todelt. I den første delen skal du grunngi kva du meiner er hovudbodskapen i tekstane. I den andre delen skal du drøfte om tekstane kan ha betydning for menneske i dag. Bruk døme frå vedlegga når du skriv.

Oppgåvealternativa 2, 3 og 4 står på neste side.

## Oppgåve 2

Vedlegg:

- «Naudbluss» av Frode Grytten, *Vårt land*, 26. mars 2020
- «Frost» av Hilde Myklebust, *Kvar ein fugl*, 2018, henta frå nettsida [www.nynorsk.no/aleine-saman-korona-og-kulturen/](http://www.nynorsk.no/aleine-saman-korona-og-kulturen/)

Dei vedlagde dikta blei lesne av mange i samband med koronautbrotet våren 2020.

Tolk og samanlikn dei to tekstane.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i dei to tekstane og bruke relevant fagspråk.

## Oppgåve 3

Vedlegg:

- *Amtmannens døtre* av Camilla Collett, 1854–55, utdrag
- *Jenteloven – feministisk førstehjelp* av Ulrikke Falch og Sofie Frøysaa, 2018, utdrag

Samanlikn dei vedlagde tekstane, og set dei inn i ein kulturhistorisk samanheng.

Kommentar: Du skal samanlikne form og innhald i tekstane og vise kunnskap om tida dei er skrivne i.

## Oppgåve 4

Vedlegg:

- «Save the seasons», annonse i *D2*, fredagsmagasinet i avisas *Dagens Næringsliv* 07.02.2020

Den vedlagde annonsen er eit samarbeid mellom klesprodusenten Bergans og WWF Verdas naturfond. Analyser teksten, og vurder kva du meiner kan vere hovudformålet med annonsen. Bruk omgrep frå retorikken.

Kommentar: Du kan velje korleis du vil strukturere teksten din. Når du analyserer, skal du forklare gjennom å bruke relevant fagspråk og vise til konkrete døme.

## Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Tid</b>	Eksamen varer i 5 timer.
<b>Hjelpe midler</b>	<p>Alle hjelpe midler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpe midler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.</p>
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	<p>Bergans. «Save the Seasons», annonse i D2, fredagsmagsinet i avis <i>Dagens Næringsliv</i>, 07.02.2020.</p> <p>Bryson, Bill. «Utsiden: hud og håر». <i>Kroppen – en guide for deg som bor i den</i>. Oslo: Gyldendal, 2019. Utdrag</p> <p>Collett, Camilla. <i>Amtmannens døtre</i>, 2011 (1854–55). Oslo: Gyldendal. Utdrag.</p> <p>Falch, Ulrikke og Frøysaa, Sofie. <i>Jenteloven – feministisk førstehjelp</i>. Oslo: Gyldendal, 2018. Utdrag.</p> <p>Grytten, Frode. «Naudbluss». <i>Vårt Land</i>, 26.03.2020. <a href="https://www.vl.no/meninger/verdidebatt/2020/03/26/sondaq-heile-veka/">https://www.vl.no/meninger/verdidebatt/2020/03/26/sondaq-heile-veka/</a> Nedlastingsdato 20.11.2020</p> <p>Håheim, Marianne Clementine. «Eg studerer huda di». <i>Bilydar</i>. Oslo: Forlaget Oktober, 2012.</p> <p>Myklebust, Hilde. «Frost». <i>Kvar ein fugl</i>. Oslo: Samlaget, 2018. <a href="https://www.nynorsk.no/aleine-saman-korona-og-kulturen/hilde-myklebust-knirk/">https://www.nynorsk.no/aleine-saman-korona-og-kulturen/hilde-myklebust-knirk/</a> Nedlastingsdato 20.11.2020.</p> <p>Vesaas, Tarjei. «Vinternetter». <i>Huset og fuglen</i>. Oslo: Gyldendal, 1971.</p> <p>Worm-Müller, Jacob Stenersen. «Vi selv og våre hjem», juni 1940, <a href="http://virksommeord.no/tale/1581/">http://virksommeord.no/tale/1581/</a> Nedlastingsdato 20.01.2021.</p>
<b>Informasjon om oppgaven</b>	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det fire oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## Bokmål

**Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.**

### Del A Kortsvarsoppgave

**Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.**

Vedlegg:

- «Utsiden: hud og håر» av Bill Bryson, fra *Kroppen – en guide for deg som bor i den*, 2019
- «Eg studerer huda di» av Marianne Clementine Håheim, fra *Bilydar*, 2012

Sammenlign noen sider ved form og innhold i de to vedlagte tekstene.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i de vedlagte tekstene, men du kan velge hva du vil legge mest vekt på. Du skal bruke relevant fagspråk og eksempler fra tekstene.

### Del B Langsvarsoppgaver

**Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.**

### Oppgave 1

Vedlegg:

- «Vi selv og våre hjem», utdrag fra en tale av Jacob Stenersen Worm-Müller, juni 1940
- «Vinternetter» av Tarjei Vesaas, i *Norsk Tidend*, 1942

De vedlagte tekstene ble skrevet under andre verdenskrig. Skriv en resonnerende tekst der du gjør greie for hva du mener er hovedbudskapet i tekstene, og drøfter om tekstene er relevante i dag.

Kommentar: Oppgaven er todelt. I den første delen skal du begrunne hva du mener er hovedbudskapet i tekstene. I den andre delen skal du drøfte om tekstene kan ha betydning for mennesker i dag. Bruk eksempler fra vedleggene når du skriver.

## Oppgave 2

Vedlegg:

- «Naudbluss» av Frode Grytten, *Vårt land*, 26. mars 2020
- «Frost» av Hilde Myklebust, *Kvar ein fugl*, 2018, hentet fra nettsiden [www.nynorsk.no/aleine-saman-korona-og-kulturen/](http://www.nynorsk.no/aleine-saman-korona-og-kulturen/)

De vedlagte diktene ble lest av mange i forbindelse med koronautbruddet våren 2020.

Tolk og sammenlign de to tekstene.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i de to tekstene og bruke relevant fagspråk.

## Oppgave 3

Vedlegg:

- *Amtmannens døtre* av Camilla Collett, 1854–55, utdrag
- *Jenteloven – feministisk førstehjelp* av Ulrikke Falch og Sofie Frøysaa, 2018, utdrag

Sammenlign de vedlagte tekstene, og sett dem inn i en kulturhistorisk sammenheng.

Kommentar: Du skal sammenligne form og innhold i tekstene og vise kunnskap om tiden de er skrevet i.

## Oppgave 4

Vedlegg:

- «Save the seasons», annonse i D2, fredagsmagasinet i avisas *Dagens Næringsliv* 07.02.2020

Den vedlagte annonsen er et samarbeid mellom klesprodusenten Bergans og WWF Verdens naturfond. Analyser teksten, og vurder hva du mener kan være hovedformålet med annonsen. Bruk begrep fra retorikken.

Kommentar: Du kan velge hvordan du vil strukturere teksten din. Når du analyserer, skal du forklare gjennom å bruke relevant fagspråk og vise til konkrete eksempler.

## Utsiden: hud og hår

**Bill Bryson er ein kjent sakprosaforfattar. Dette utdraget er frå ei populærvitskapleg bok om kroppen vår. / Bill Bryson er en kjent sakprosaforfatter. Dette utdraget er fra en populærvitenskapelig bok om kroppen vår.**

Det vil kanskje overraske deg å høre at huden er vårt største organ og et av de mest allsidige. Den holder innvollene inne og skadelige ting ute. Den tar av for støt. Den gir oss berøringssansen, nytelse og varme og smerte og nesten alt annet som gjør oss levende. Den produserer melanin, som beskytter mot solens stråling. Den reparerer seg selv når vi skader den. Den skaper det vi har av skjønnhet. Den passer på oss.

Frå/fra *Kroppen – en guide for deg som bor i den*, 2019.

## Eg studerer huda di

eg studerer huda di  
i løynd  
når du søv

kjenner på ei fordjuping  
der barnekroppen din møtte ein stein  
i 1991

på eit arr  
du fekk då du var 14  
og balanserte full i høgda  
for første gong

eg stryk fingrane over alle feila dine  
men eg har mist evna til å tenkje  
at dei er feil

Av Marianne Clementine Håheim, frå/fra fra *Bilydar*, 2012.

# Vi selv og våre hjem

Teksten er eit utdrag frå ein radiotale frå London i juni 1940. Noreg var okkupert av tyske styrkar, og radiosendingar frå London blei derfor ein viktig informasjonskanal for nordmenn. / Teksten er et utdrag fra en radiotale fra London i juni 1940. Norge var okkupert av tyske styrker, og radiosendinger fra London ble derfor en viktig informasjonskanal for nordmenn.

[...] først da ulykken rammet oss, forstod vi helt hva Norge betød for oss, hvor inderlig, uløselig vi var knyttet til landet. Vi forstod at hele vår tidligere tilværelse vil ha vært meningsløs, hvis vi ikke nå holder mål. Det det gjelder er at vi i de avgjørende øyeblikk går helt og fullt inn for det vi elsker og tror på. Det er der spiren til seieren ligger.

I de angstfulle, nerveslitende stunder vi har opplevd siden krigen plutselig falt over oss, under svimeslaget av overveldende begivenheter som truer med å tvinge oss i kne, er det kjærigheten til Norge og den dype takknemlighet vi føler mot det som redder oss fra fortvilelsen. Vår styrke er de bånd som knytter oss til Norges natur, dets jord, fjell, skog og vann, til de slekter som er gått foran oss og til dem vi skal gi landet i arv, til hele vår historie.

I. C. Dahls berømte bilde «Bjerk i storm», som Christian Michelsen eide, er ikke bare et symbol på landet, men det gir hver enkelt av oss vår oppgave. Nettopp i svertdid og ulvetid gjelder det at vi som bjørka har røtter i Norges jord, hvor fattig den enn er, at vi klamrer oss til steingrunnen og kler den, utnytter hver minste revne og samler jordsmonn. Det gjelder å stå fast, så at stormen, om den raser i trekronen, bøyer stammen og flenger grener og skjelvende lauv, ikke feller treet. Det er slik Norge er bygd. At dette splittede, langstrakte landet under polarsirkelen, omgitt av steingrå holmer og skjær, som for en fremmed gjør et trøstesløst inntrykk, har kunnet oppdyrktes slik at vi i dag står i første rekke blant kulturnasjonene, gir oss en fortrøstning og et håp som ingen forbigående motgang, hvor dyp den enn i øyeblikket synes å være, kan ta fra oss. [...]

Av Jacob Stenersen Worm-Müller, 1940

<http://virksommeord.no/tale/1581/>

# Vinternetter

Denne teksten blei først gitt ut i *Norsk Tidend*, informasjonsavisa til den norske eksilregjeringa i London under andre verdskrig, den 14. oktober 1942. I gammal tradisjon blei datoan 14. oktober kalla «vinterdagen». / Denne teksten ble først utgitt i *Norsk Tidend*, informasjonsavisen til den norske eksilregjeringen i London under andre verdenskrig, den 14. oktober 1942. I gammel tradisjon ble datoan 14. oktober kalt «vinterdagen».

No står vi framfor mørkret.

Det har vi gjort før óg, kvar einaste oktober så lenge vi har levd og sett lyset. Det går liksom opp ei mørk luke. Det er 14. oktober, og det er berre å stige inn. Det har ikkje endra seg eit hår for så vidt, der ute i det store, der årstidene formar seg og glir stille og mektige inn i einannan. Der både mørkret og lyset blir til. – Så det er ikkje stort vi skal ha sagt *der*, vi som renn omkring på denne jordskorpa og er så ivrig opptekne med å lage uro.

Men det er likevel annleis for oss i år å sjå at det lir til vinternetter. Å stå framfor denne seinhausten og svarthausten og krigshausten. Vi veit snart ikkje å halde rekning med dei, vi seier berre forstøkte:

Enno ein gong?

Enno ein krigsvinter i verda. –

Det har det med seg at det blir verre å herde for kvar gong. Det er ein skrue som sakte svingar rundt med oss. Kvar gong er ein komen lenger enn ein var sist. Meir ytst utpå. Og då kjenner ein at mørkret er annleis og farlegare enn det var før.

[...]

Ein skulle kunne seie: Det er ikkje så lenge ein vinter varer! Og sidan trenger våren seg fram med milde, gjennom den hardaste muren.

Som ein sit slik og øver seg opp i langsyn, så fer det i ein, for det dunkar:

Lat opp –

Kva er dette? spør ein, men veit det alt.

Det dunkar på døra vår. På ei dør vi har. Sakte, men så det fer i oss. Vi kjenner kva det er som ventar utanfor. Det seier derute: Her er mørkret, lat opp –

Nei! seier det i oss.

For dette er ikkje det mørkret som fell ned frå himmelen den 14. oktober og lagar stappsvarte haustkveldar. Dette er vårt eige mørker, som vil inn og laga den natta som ikkje endar. Det er blitt tynnare og tynnare vegg mellom det som er oss sjølve, slik vi vil vera – og det som vi skjelv for at vi kan koma til å bli, dersom tida ikkje snart endrar seg.

Vi har kvar eit kostbart lite rom å halde fri for undergangsmaktene. Vi brukte å ha lys *der* til alle årstider. No dunkar det på døra og seier: Lat opp, det er mørkret.

Nei! seier det i oss. Trassig og vakent og einsamt. Men der er slikt eit einsamt nei! i kvar. I alle millionane. Og då blir det mange nei.

Vi *kjem igjennom denne vinteren*, seier det no i alle millionar løynt lysande menneskesinn.

Av Tarjei Vesaas, 1942. Språkleg/språklig modernisert, nedkorta/forkortet.

# Frost

Ei humle  
med frost i pelsen  
Ørsmå snøkrystallar  
over dei gule og svarte stripene  
Eg legg ho varleg i eine handa  
og legg den andre over  
Formar hendene  
til eit varmt hus  
lukker auga  
og tenkjer på at sommaren skal kome  
så grøn så grøn  
så full av nektarsøte blomar  
Når eg opnar handhuset  
er frosten borte  
Humla strekkjer på seg  
og lettar  
Eg høyrer  
det mørke suset  
langt inn i våren

Av Hilde Myklebust, 2018.

# Naudbluss

gi beskjed til  
juni, juli, august  
meld frå til september  
send ord til oktober  
  
vi er her inne  
vi er her i alle husa  
fanga som insekt  
i handflatene  
  
vi har pussa vindauge  
for å sjå gata vår betre  
vi er kopla til kvarandre  
via internettets tynne sivilisasjon  
  
vi skriftar til oss sjølv kvar kveld  
men nyheitene flyt stille opp  
frå kjellaren og fyller alle  
rom med frykt  
  
varsle våren, gi sommaren  
ei streit melding  
så snart dette er over  
straks dette er slutt

Av Frode Grytten, 2020.

# Amtmannens døtre

**Amtmannens døtre** handlar om Sofie og dei eldre søstrene hennar som blir gifta bort til menn dei ikkje kan velje sjølve. Her møter vi Sofie når ho er på besøk i Kristiania og er på ball.

**Amtmannens døtre** handler om Sofie og hennes eldre søstre som giftes bort til menn de ikke velger selv. Her møter vi Sofie når hun er på besøk i Kristiania og er på ball.

Jeg kom til å sitte i en av de forreste damerekker. På gulvet hadde herrene dels plassert seg i grupper, dels slentret de opp og ned langs rekken, akkurat som offiserene der mørnstrer geleddene. I det samme lød musikken, den hele forreste rekke ble opptatt, på én eneste stakkars, påfallende svær, ung dame nær. En herre ved siden av sa blott de ord til sin sidemann, men så høyt at den arme nok kunne høre det: «Veiet, men ikke funnet for lett.» – Hvorfor utsetter hun seg for en sådan ydmykelse? Hvem av oss kan sikres for den? Hvorfor utsettes vi for den?... Alle disse spørsmål stormet konfust inn på meg, mens den ene damerekke forsvant etter den annen, og raden kom nu til min. En ulidelig følelse av skamfullhet betok meg. Jeg ønsket meg hundre mil borte; jeg følte at jeg vekselvis ble blek og rød. Jeg vil slett ikke danse, sa jeg til meg selv. Dette kom over meg med ett. Og virkelig, etter at jeg hadde gitt et par avslag, følte jeg meg beroliget igjen og liksom hevet i mine egne øyne. Jeg satt mellom to unge damer, som var smukke og meget nydelige. En liten, tynn kavaler med et flatt, intetsigende ansikt lorgnettere oss meget sterkt, men syntes ikke å kunne bli enig med seg selv. Mine naboersker raljerte ham dyktig bak min rygg; jeg ventet intet mindre enn at de ville slå vrak på ham. Hvor forundret ble jeg derfor ikke da han bukket for den ene, og hun reiste seg med det forbindligste smil!

Den annen satt over, jeg forsøkte å knytte en samtale med henne; men det var ikke mulig å få et ordentlig svar, så forstemp og distré var hun blitt. En mengde damer satt over, og det manglet ikke på kavalerer; men de stod blott omkring og så til, og de, som danset, så ut som om de forrettet et tungt arbeid. Ingen av partene syntes å føle noen riktig glede derved, og jeg visste ikke hva jeg skulle tro. Mon det skulle komme av at damene slett ikke får lov til å danse med hvem de vil?

Det forundret meg også at de styggeste herrer på ballet nesten alltid oppsøkte de smukkeste damer, liksom de ikke kunne falle nok i øynene allikevel. Når en sådan herre ville gjøre seg rede for hvorfor og med hvilke tanker en sådan dame følger ham i dansen, så ville det dog ganske bestemt falle ydmykende ut for ham. Meg forekommer det at de uheldige kavalerer også burde oppsøke de uheldige damer, så var de dog sikre på et frivilligere, fra hjertet kommende jo takk. Et frivillig jo takk, å, hvem gir ikke det! Vi danser med hvem det skal være, når vi blott får danse! Vi danser med nåler i skoene, når vi blott får danse.

Av Camilla Collett. Gitt ut/utgitt anonymt i 1854–55. Utdrag, språkleg/språklig modernisert.

**blott:** berre/bare

**konfust:** nervøst, forvirra/forvirret

**forvinne:** komme over

**geledden:** rekker/rekker av folk

**lorgnettere:** stire/stirre på (gjennom ein/en lorgnett; dvs. ei/en type brille)

**naboersker:** kvinner som sit saman med eg-personen/ sitter sammen med jeg-personen

# Jenteloven – feministisk førstehjelp

Hvis vi skal forandre verden, må vi hele tiden være bevisste på hvem og hva i samfunnet som påvirker forholdet vi har til egen kropp. Dette har du hørt før, men du glemmer det likevel når du skroller gjennom instafeeden din: Populærkultur, media og underholdningsbransjen påvirker hvordan vi ser på oss selv og de rundt oss. Sosiale medier regnes av flere psykologer som en av de sentrale grunnene til at unge jenter sliter mer i dag enn tidligere. Og samtidig med at bruken vår av sosiale medier har økt, har andelen unge jenter med psykiske lidelser økt med 40 prosent siden 2011 (Bergersen 2018). Depresjon er igjen koblet til overvekt — blant unge jenter. Overvekt og depresjon henger sammen med dårligere prestasjoner på skolen — nok en gang blant unge jenter. Kort oppsummert: Det ene påvirker det andre, og sosiale medier påvirker både helsen og utdannelsen til jenter verden over.

Sosiale medier skaper et jag etter det perfekte livet (dere vet det evige «se, så sjukt lykkelig jeg er, og her er et bilde av mitt perfekte liv og alle tingene jeg får gratis, xoxo»). Hvordan du skal klare å filtrere ut photoshopped og hår-extension-reklamefinansierte influencere, er ikke noe du kommer til å lære på skolen. Likevel har vi blitt flinkere til å snakke mer åpent om hvordan vi skal håndtere utfordringene med all oppmerksomheten på det ytre. Problemets bare at det skaper et dobbelt press: Selv om vi vet at vi blir påvirket av skjønnhetspresset, og selv om vi vet at bildene ofte lyver og er retusjerte, påvirkes vi likevel. Faen øg, liksom. Vi lar oss lure.

Det kan føre til vanskeligheter med å skille mellom ytre og indre press. Er det ikke typisk at vi skylder på oss selv og tar det innover oss i stedet for å plassere ansvaret der det hører hjemme? Det er ikke din skyld at du blir påvirket av reklame. Reklame- og skjønnhetsindustrien har ansvaret, både for hva de tilbyr, og hvordan de tilbyr det. De tjener seg søkkrike på usikkerheten vår, overbeviser om at vi kan forbedre OSS – og spiller på følelser: «Because you're worth it», «Vi kvinner vet hva som skal til for å føle oss vel», «Life is short, wear more makeup», og slik fortsetter lista.

Misforstå oss rett: Det er ikke noe galt i å sminke seg, og vi kan kontoure trynene våre helt til vi blir støle i håndleddet (the struggle is real, serr), og se på sminkevideoer til vi blir tørre i øynene, men vi må ikke bli passive forbrukere. Vi må ikke la oss lure. Det er vi for smarte til!

Så, hvordan skal vi klare å plassere ansvaret der det hører hjemme? Vi kan begynne med å identifisere hvilke krefter og strukturer som gjør at vi opplever press i utgangspunktet. Deretter kan vi ta kontroll over effekten av disse kretene, for eksempel sosiale medier og skjønnhetsindustrien. Da kan vi kanskje få en slutt på at gutter lærer at jenter bare er til pynt, og at jenter tror det er utseendet som avgjør om gutter liker dem. Det er en tap-tap-situasjon for alle involverte som vi sammen kan forandre.

Av Sofie Frøysaa og Ulrikke Falch, 2018, utdrag.



## Vinter

*Du er inderlig savnet, vår kalde venn.  
Det er lite håp om å sees igjen.  
Her finnes ei snø, her finnes ei trøst.  
Nå som alt du har blitt, er en evig lang høst.*

Om 50 år kan dette være realiteten. Årstdene er i forandring som følge av klimaendringene. Resultatet er at naturens rytme forstyrres. Sykluser forskyves og dyrelivet og økosystemer påvirkes. Det skjer nå, noe må gjøres. Hva om vi kan redde de fire årstdene ved å få dem inn på **UNESCOs verdensarvliste?**

Verdensarvlisten skal beskytte alt som er kulturelt viktig for menneskeheten, og vi mener årstdene er grunnlaget for store deler av vår kulturarv. Tenk på skisporten, tenk på turtradisjonene, tenk på landbruket, tenk på livene våre. **Alt påvirkes av årstdene!** Og det gjelder ikke bare oss, det gjelder i hele verden. Får vi årstdene inn på verdensarvlisten vil politikere og beslutningstagere være forpliktet til å bevare naturen og klimaet. Kanskje er vi naive. Kanskje er det umulig. Det stopper ikke oss. **Vi elsker naturen**, og kan ikke lenger sitte stille å se på at årstdene forsvinner. Derfor har vi nå sendt et brev til Klima- og miljøministeren der vi oppfordrer han til å bli med oss i kampen for å få årstdene inn på **UNESCOs verdensarvliste**.

Er du med? Bli med å legge press på ministeren, signer vårt opprop på [savetheseasons.com](http://savetheseasons.com)



# SAVE THE seasons

AN INITIATIVE BY BERGANS WITH WWF VERDENS NATURFOND

Bergans  
OF NORWAY



## TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete underveis.

**Lykke til!**

## TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

**Lykke til!**